



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
03.04.2013
Dykkar dato
17.01.2013

Vår referanse
2013/269 - 331.1
Dykkar referanse

Årdal kommune
Postboks 40
6881 Årdalstangen

Årdal kommune – handsaming av budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016

Årdal kommunestyre har i møtet 13.12.2012, sak 117/12, handsama og vedteke budsjett for 2013 og økonomiplan 2013 – 2016.

Med grunnlag i nemnde vedtak har Fylkesmannen gått gjennom budsjettet og økonomiplanen. I tillegg er kommunens resultat for 2012 lagt til grunn i vår sakshandsaming.

Kommunen må vedta ein revidert økonomiplan for perioden 2013 – 2016.

Skatteinntekter og rammetilskot – frie inntekter

Kommunen har i 2013 budsjettert med skatt på inntekter og formue og rammetilskot på samla 274,5 mill. kroner, som er 1,6 mill. kroner lågare enn prognosen etter statsbudsjettet.

I 2012 vart folketalet i kommunen redusert med 51 personar, eller – 0,9 %. Landet hadde ein auke på 1,3 %. Det betyr at oppdatert KS-prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning med grunnlag i folketal 01.01.2013 blir 273,2 mill. kroner, som er – 1,3 mill. kroner lågare enn kommunens budsjett.

Fylkesmannens kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert med margin til statsbudsjettet for 2013. Siste prognosen til KS har folketal per 01.01.2013 som grunnlag for skatteberekningar, medan kommunen har som i statsbudsjettet brukt folketal per 01.01.2012. Med ein reduksjon i folketalet for kommunen og vekst for landet, vil det bety ein netto reduksjon i prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning i 2013. Differansen mot kommunens budsjett utgjer -1,3 mill. kroner. Etter at revidert nasjonalbudsjett 2013 er framlagt, må kommunen revidere inntektene for rammetilskot og skatteinntekter.

Driftsresultat og balanse

Netto driftsresultat er i 2013 budsjettert med 5,7 mill. kroner, som er 1,2 % av driftsinntektene. Etter eit underskot på 15 mill. kroner i 2011, har kommunen ubalanse i økonomien. Det er derfor i 2013 budsjettert med tiltak for reduksjon av utgifter og auka inntekter på nærare 30 mill. kroner.

I budsjettvedtaket har kommunestyret vedteke at det i tillegg til rådmannens investeringsoversyn blir innarbeidd investeringsråmer for bygging av *ny avdeling ved Seimsdal sjukeheim*. Det er ikkje lagt inn driftskonsekvensar i økonomiplanen for denne investeringa.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Fylkesmannens kommentar

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene viser kva kommunane har att etter at tenester og netto finansutgifter er dekte, og kan enten nyttast til investeringar eller avsetjingar til seinare bruk. Det er viktig at kommunane gjennom eit positivt netto driftsresultat kan byggje opp framtidige reservar (buffer) for å eventuelt møte uføresette utgifter eller reduserte inntekter. Mål på ein sunn økonomi er eit netto driftsresultat på minst 3 %, då vil kommunen ha rom for vedlikehald av formuen.

Ettersom det ikkje er greidd ut eller budsjettert med driftskonsekvensar (drift, vedlikehald, kapitalutgifter) for investeringa ny avdeling ved Seimsdal sjukeheim, gjev ikkje økonomiplanen eit fullstendig oversyn på sannsynlege inntekter og forventa utgifter for planperioden. Vedtaket til kommunestyret er dermed ikkje i samsvar med kommunelova § 44 nr.3 og 4 om økonomiplanen.

Investeringar

Det er i 2013 budsjettert med investeringar for VAR-området på til saman 9,5 mill. kroner. For perioden 2014 – 2016 er tilsvarande investeringar budsjettert med 11,6 mill. kroner. Investeringane er finansiert med bruk av bundne fond. Som nemnt har kommunestyret vedteke at det i tillegg til rådmannens investeringsoversyn blir innarbeidd investeringsråmer for bygging av *ny avdeling ved Seimsdal sjukeheim*. Det er ikkje i økonomiplanen lagt inn investeringsbeløp eller finansiering for denne i investeringa.

Fylkesmannens kommentar

Som for driftsbudsjettet gjev ikkje investeringsbudsjettet eit fullstendig oversyn for vesentleg prioriterte oppgåver i planperioden, jfr. kommunelova § 44 nr. 3 og 4.

Tidlegare års underskot

Per 31.12.2011 hadde kommunen eit akkumulert underskot på 15,1 mill. kroner. Kommunen har vedteke ei inndekning på 8 mill. kroner i 2012 og 7,1 mill. kroner i 2013. Førebelse tal for 2012-rekneskapan viser eit underskot på 10 mill. kroner. Det betyr eit samla akkumulert underskot på 25 mill. kroner. I 2013 er det budsjettert med ei inndekning på 11,7 mill. kroner.

Fylkesmannens kommentar

Etter opphavleg plan skulle kommunen dekkje inn underskotet frå 2011 i løpet av 2012 og 2013. Ettersom planen for 2012 ikkje blir gjennomført, må kommunen vedta ein ny plan for inndekning av samla akkumulert underskot. Fylkesmannen meiner at dette må gjerast i samband med revidering av budsjett 2013 og økonomiplan 2013 – 2016.

Vedtak:

Økonomiplanen for 2013 – 2016 er vedteken utan at det er greidd ut eller budsjettert med driftskonsekvensar (drift, vedlikehald, kapitalutgifter) for investeringa ny avdeling ved Seimsdal sjukeheim. Økonomiplanen gjev derfor ikkje eit fullstendig oversyn på sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver planperioden. Vedtaket er dermed ikkje i samsvar med kommunelova § 44 nr. 3 og 4 om økonomiplanen, og vi opphevar vedtaket etter kommunelova § 59 nr. 5. Kommunestyret må derfor innan 15. juni 2013 vedta ein revidert økonomiplan, der og inndekning av akkumulert underskot per 31.12.2012 er lagt inn.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post: post@sf-revisjon.no